



(28) SAMKOME

Tekster:
FREDDIE LANGRIND
Melodi av Fr. Kuhlau
«I rosenlund under Sagas hall»
(Welhavens dikt)

Em B7 Em B7

I gam - al tid var det enk - elt slik at folk - et møt - tast på veg - en då

Em C F#7 Em B7 Em

5 alt var ord - na i krok og krik og on - na en - de - leg sle - gen. Då

B7 Em Am6 Em Am6 B7

9 fekk dei tid til an - nan bolk ved vann - post og ved gru - e og

Em B7 Em B7 Am Em

13 mjøl - ke - ram - pa sam - la folk som kom frå kvar si tu - e.

VEL MØTT !

I gamal tid var det enkelt slik
at folket møttast på vegen
då alt var ordna i krok og krik
og onna endeleg slegen.
Då fekk dei tid til annan bolk
ved vannpost og ved grue,
og mjølkerampa samla folk
som kom frå kvar si tue.

Dei tala lengje, dei tala vel
forteljing, skrøne og soge.
No sit vi her i den mørke kveld
i glans av fortidas loge.
Den nye tid har ramsalt klo
i travle silkehender,
men det finst kveldsro, slik som no
i vennesæle grender.

TAKK FOR LAGET !

Så gjekk vi vegen og trakk vårt lodd,
og det fekk bere og breste.
Det er i samkomer mål vert nådd,
og vi kan sanse det beste.
Den gamle gneist, den gode ånd
er gildt å gjenoppdage
i denne time, dette monn:
Far vel ! Og takk for laget !